

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	12.03.2026	012/26
Kvam heradsstyre	19.03.2026	019/26

Avgjerd av:	Arkiv: N-541	Arkivsaknr
Saksh.: Stranden, Nils Eivind	Objekt:	26/618 - 1

Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn - ut på høyring

Behandling i politiske utval:

12.03.2026, FSK- 012/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn ut på offentleg høyring i 6 uker, jf. forvaltningslova § 37 ff, forureiningslova §9 og forureiningsforskrifta § 15A-4 og § 15-6.

19.03.2026, HST- 019/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn ut på offentleg høyring i 6 uker, jf. forvaltningslova § 37 ff, forureiningslova §9 og forureiningsforskrifta § 15A-4 og § 15-6.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn ut på offentleg høyring i 6 uker, jf. forvaltningslova § 37 ff, forureiningslova §9 og forureiningsforskrifta § 15A-4 og § 15-6.

Samandrag:

I samband med utarbeiding av kommunedelplanar for vatn og avløp er det utarbeida ei forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn.

Ei slik forskrift er heimla i forureiningslova og avløpsdelen i Forureiningsforskrifta, som gjev kommunane moglegheit til å fastsetja lokale forskrifter.

Kvam herad har per i dag påslepp, men ikkje einsarta regelverk for slik påslepp.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
310899	Lokal forskrift - Påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn

12.03.2026 Kvam formannskap

Røysting: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FSK- 012/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn ut på offentlig høyring i 6 uker, jf. forvaltningslova § 37 ff, forureiningslova §9 og forureiningsforskrifta § 15A-4 og § 15-6.

19.03.2026 Kvam heradsstyre**Røysting:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

HST- 019/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn ut på offentlig høyring i 6 uker, jf. forvaltningslova § 37 ff, forureiningslova §9 og forureiningsforskrifta § 15A-4 og § 15-6.

Saksopplysningar:

Kommunen som forureiningsmyndigheit skal føre tilsyn med at bestemmelsar og vedtak fatta i medhald av Forureiningsforskrifta § 15 og § 15A følgjast. Dette kan gjerast i form av enkeltvedtak direkte heimla i den nasjonale forskrifta, eller i eigen lokal forskrift fastsett av

kommunen.

For å sikra ein mest mogleg einsarta behandling av påslepp, har ein vurdert at det best kan gjerast gjennom ei lokal forskrift.

Avløpsnett er dimensjonert og utforma slik at dei kan handtere vanleg sanitært avløpsvatn frå bustader og forretningsbygg. Avløpsnett tar òg imot avløpsvatn med ein kvalitet som avvik mykje frå sanitært avløpsvatn. Dette gjeld særleg følgjande typar avløpsvatn:

- Avløpsvatn frå industriverksemder som kan innehalde ulike typar forureiningar og miljøgifter avhengig av typen verksemd og produksjon.
- Avløpsvatn frå bensinstasjonar, bil- og motorverkstader, vaskehaller og garasjeanlegg og liknande med høgt innhald av oljeprodukt og vaskemiddel.
- Avløpsvatn frå hotell, kantinar, storkjøkken, gatekjøkken, grillkjøkken med meir med høgt innhald av feitt.

Feitt reduserer kapasiteten og fører til tettingar i leidningsnettet, med driftsproblem og kontinuerleg behov for ekstra driftsinnsats i form av reingjering og spyling av leidningsnett.

Det kan forventast at desse anlegga vil få driftsproblem i framtida på grunn av det høge innhaldet av fett og olje i avløpsvatnet. Kommunen kan som forureiningsmynde stille krav til innhaldet i påslepp av olje- og feittthaldig avløpsvatn i samsvar med bestemmelsane i Forureiningsforskrifta, og kan i tillegg som eigar av avløpsnettet stille krav til kvaliteten på det avløpsvatnet som sleppast inn på kommunalt nett/kommunalt anlegg.

For å sikre stabil og trygg drift kan det vidare stillast krav om at det skal inngåast serviceavtale med uavhengig firma/instans med dokumentert kompetanse, og som skal godkjennast av kommunen. Olje- og feittutskiljarar skal tømmast jamleg, og den lokale forskrifta kan ha føresegner om at det skal inngåast tømmeavtale med godkjent tømmefirma, og at det sikrast at både tømning og handtering av avfallet skjer i tråd med gjeldande lov og forskrifter. Verksemda kan påleggast dokumentasjon og rapportering i form av tømmerapportar for olje- og feittutskiljaranlegg, analyserapport av avløpsprøvar, inspeksjonsrapportar og årsrapportar. På same måte kan det settast krav om beredskap mot uforutsette hendingar og varslingsplikt.

Vurdering:

Kvam herad har per i dag påslepp, men ikkje einsarta regelverk for slik påslepp. Kvam herad er forureiningsmyndigheit og er pålagt å fylgja opp og føra tilsyn og kontroll med slike anlegg, difor vil ei lokal forskrift vera til god hjelp for kommunen til å utføra si rolle på ein god måte.